Referat frå møte i FAU v/Bygstad skule, 08.03.2026

Deltakarar: Jeanette Haugsbø, Linn Terese Engvik, Ingeborg Grinde, Håvard Korsvoll, Ole Magnus Mo, Hilde Marie Solheim

Ikkje til stades: Solveig Kårstad

Agenda:

1. **17. Mai – programtider**

FAU Bygstad kan ikkje akseptere Sande sitt forslag til program for 17. mai feiringa i Bygstad i 2026. Møtet den 22.01.2026, der FAU Bygstad ikkje var representert, hadde ikkje mandat til å gjere vedtak om program for årets 17. mai feiring i Bygstad.

Framlegget for program for Bygstad som er presentert oss etter dette møtet inneber at ein i Bygstad ikkje vil kome i gang med matsal og leikar mv. på skulen før kl. 14.30. Dette vil bety at hovudprogrammet ikkje vil starte før kl. 15.30. Så seint på dag forventar ein at mange har andre planar og reiser vidare til eigen 17. mai feiring. Ein så sein oppstart vil også forventast å gå ut over matsalet under 17. mai arrangementet.

I og med at det er kort tid til årets nasjonaldag ønskjer FAU Bygstad likevel å tilpasse programmet i Bygstad i år til Sande sitt programforslag for Sande. Det understrekast at dette **ikkje** kan reknast som ei varig tilpassing for åra framover, men berre er ei tilpassing som gjeld for årets 17. mai feiring.

FAU Bygstad vil be om at det vert gjennomført eit felles evalueringsmøte etter årets 17. mai feiring, der alle involverte arrangørar av 17. mai på Sande, Bygstad og Viksdalen (inkludert FAU Bygstad) vert invitert. Vi ønskjer å delta på eit slikt møte for å finne løysingar for åra framover som imøtekjem begge bygder sine ønskjer, og står seg over tid. FAU Bygstad ber om at 17. mai styret i Bygstad kallar inn til eit slikt møte seinast hausten 2026.

FAU Bygstad har følgjande forslag til program for 17. mai i Bygstad 2026. Det er hovudkomiteen som må fatte endeleg vedtak om program:

Forslag til program for 2026, Bygstad:

- Program kl. 10.15 på skulen (oppmøte kl. 10.00, med Bygstad brass og skulemusikken)
- Oppstilling til tog kl. 10.45 (skulemusikken reiser til Sande, Bygstad brass spelar i toget. Vi gjer merksam på at denne løysinga inneber at Bygstad-elevar som er med i skulemusikken ikkje får gå i tog i Bygstad. FAU finn dette uheldig av omsyn til elevane dette gjeld, og vil sjå på alternative løysingar for åra framover)
- Gudsteneste kl. 12.00. Skulen og/eller hallen er open (kiosk er open, ikkje matsal og leikar)
- Start matsal Bygstad skule: kl. 12.30 (når gudstenesta er ferdig)
- Start leikar kl. 13.00
- Hovudprogram kl. 13.30 eller kl. 14.00

FAU er klar over at dette forslaget ikkje samsvarer med det gjennomførte avstemmingar blant dei føresette ved Bygstad skule før og etter 17. mai 2025. I forkant av 17. mai 2025 stemte 80,7 % av dei føresette for nytt programforslag (slik det vart gjennomført i Bygstad i 2025). I evaluering etter 17. mai ønskte 83 % å behalde programmet som i 2025, og berre 4 % av dei føresette å gå tilbake til programmet frå 2024 og tidlegare år (med oppstart kl. 10.00). FAU vil jobbe for å finne gode løysingar for åra framover som også ivaretek dei førsette sine ønskjer, så langt dette let seg gjere.

Sande sitt program kan med dette forslaget gjennomførast utan endringar ift. Sande sitt framlagte programforslag for 2026. Dersom dette forslaget ikkje blir akseptert ber FAU Bygstad om å bli informert og involvert i endeleg programvedtak, ettersom FAU står for størsteparten av 17. mai arrangementet ved skulen.

Møtet varte frå kl. 19.00 - 21.05.